



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/8194-25

## **Søknad om tilleggsløyving - ny veg til Skipavika i Gulen kommune**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden om tilleggsløyving til ny veg Sverdhola – Skipavika vert ikkje imøtekomen.

#### **Vedlegg:**

- Brev frå Skipavika Næringspark AS datert 09.09.2019 vedr. ny veg Skipavika – Gulen kommune
- Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skipavika Næringspark og Gulen kommune – datert 24.05.2017.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Skipavika Næringspark har i brev datert 09.09.2019 og på vegne av entreprenøren Volda Maskin stilt spørsmål om fylkeskommunen vil bidra med ei tilleggsløyving på inntil 2,519 mill. kr knytt til ekstrakostnader med den nye vegen til Skipavika i Gulen kommune.

I samband med vegbygginga vart det bestemt å leggje ned høgspentkabel og fiber frå BKK, samt ei kommunal vassleidning. Dette grøftearbeidet ført til at vegtraseen fekk større breidde enn føresett. Skipavika Næringspark fekk eit tilbod frå Volda Maskin om å auke asfaltert breidde frå 4 til 6,25 meter til ein kostnad på 1,1 mill. kr. Skipavika Næringspark valde å ta denne kostnaden for å få ein veg med betre standard.

I følgje Volda Maskin har dei ved prissetjing av utvida breidde på vegen utegløymd følgje-kostnader som større omfang av rekkverk, lengre stikkrenner, samt oppbygging av naudsynt sideareal. Dette vart påpeika i ein revisjon som Statens vegvesen utførte i samband med overtaking av vegen. Det er desse følgjekostnadane på 2,519 mill. kr Skipavika næringspark - på vegne av entreprenøren - no ber fylkeskommunen vurdere.

#### **Historikk - tidlegare vedtak**

I FT-sak 9/17 Avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune gjorde fylkestinget følgjande vedtak

1. Det vert løyvd 6 mill. kr i tilskott til Skipavika Næringspark AS til bygging av ny veg til Skipavika i Gulen kommune. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.
2. Fylkestinget legg vedlagte avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune til grunn for løyvinga.
3. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å signere vedlagte avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune på vegner av fylkeskommunen.
4. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å signere vedlagte avtale om overdraging av justeringsrett og -plikt ved overdraging av veganlegg – Veg til Skipavika i Gulen kommune, på vegner av fylkeskommunen.

5. Når ny veg til Skipavika er teken opp som fylkesveg, skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaia er på overføringstidspunktet.

#### Sentrale problemstillingar

Som oppfølging av vedtak i FT-sak 9/17 vart det inngått ei avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skipavika Næringspark og Gulen kommune. I denne avtalen er det m.a. sagt følgjande om ansvarsforhold, finansiering og risiko:

#### *Ansvarsforhold (pkt. 4)*

*Skipavika Næringspark AS er ansvarleg for alle kostnader til opparbeiding av ny veg til Skipavika. Sogn og Fjordane og Gulen kommune sitt bidrag til finansiering er omtalt under pkt. 5.*

#### *Økonomi og finansiering (pkt. 5)*

*Kvar av partane i avtalen forpliktar seg til å yte lik del på inntil 6 mill. kr til finansiering av prosjektet, tilsaman 18 mill. kr.*

#### *Risiko (pkt. 6)*

*Skipavika Næringspark AS har ansvaret for å dekkje eventuelle overskridinger i prosjektet uavhengig av kva som er årsaka til overskriding.*

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkeskommunen har ikkje vore delaktig i dei vurderingane og avgjerdene som er tekne knytt til å byggje med høgre standard enn det som var føresett og som følgjer av Statens vegvesen sine normalar/handbøker. Fylkesrådmannen registrerer at prosjektet er kome i ein uheldig situasjon då enkelte kostnadar er utegløymt. Sjølv om det er positivt, både for trafikkantane og for fylkeskommunen, at ein no har fått ein veg der standarden er betre enn det som først vart lagt til grunn, er det vanskeleg å gi ei tilråding om at fylkeskommunen skal bidra til å dekkje desse ekstrakostnadane, jf. pkt. 6 i avtalen om risiko ved overskridinger.

## **3. Konklusjon**

Med grunnlag i den inngåtte avtalen mellom Skipavika Næringspark og fylkeskommunen held fylkesrådmannen fast på at vårt bidrag til vegen ikkje vert auka ut over dei 6 mill. kr som fylkeskommunen allereie har bidrege med.

Den søknaden som ligg til grunn for denne saka, meiner fylkesrådmannen er ei finansieringssak. Saka vert difor lagt fram direkte for fylkesutvalet.